



**RYFYLKE IKS**

## Innkalling til møte 4 i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Tysdag 03. desember 2024, kl. 16:00 – 18.00

Stad: Teams-møte

**Innkallinga går til:** Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune  
Eivind Hustveit, rep. Sauda  
Johanne Klungtveit Næsje, rep. Suldal kommune  
Arin Eiriksønn, rep. Suldal  
Joel Nag, rep. Strand kommune  
Anne Bratthammer, rep. Strand  
Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune  
Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune  
Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland

**Kopi til:** Martine Hocking, vara Sandnes kommune  
Maja Kristin Janson Jordal, vara Sauda  
Johan Kilane, vara Suldal kommune  
Nora Østerbø, vara Suldal  
Malene Hatteland, vara Strand kommune  
Gabriel Havrevold, vara Strand  
Brede Krogedal, vara Sandnes kommune  
Marte Hovda, vara Hjelmeland kommune  
Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland

**RYFYLKE**

Ein attraktiv region der  
folk vil bu og arbeide



## Saksliste

|           |   |    |
|-----------|---|----|
| Sak 24/24 | Godkjenning av innkalling og saksliste              | 3  |
| Sak 25/24 | Godkjenning av møtebok for styremøte 3              | 3  |
| Sak 26/24 | Tildeling av midlar frå Sparebankstiftelsen SR-Bank | 3  |
| Sak 27/24 | Endringar i handlingsplanen                         | 4  |
| Sak 28/24 | Søknad Ryfylkefondet                                | 4  |
| Sak 29/24 | Erfaring frå «Folka»                                | 5  |
| Sak 30/24 | Oppdatering Ryrekrudd 2025                          | 6  |
| Sak 31/24 | Regional Pride-fest                                 | 8  |
| Sak 32/24 | Erfaringar frå Arena Ryfylke                        | 8  |
| Sak 33/24 | Status på stillingutlysing                          | 9  |
| Sak 34/24 | Møteplan for 2025                                   | 9  |
| Sak 35/24 | Status karrieredagen og Job Fair                    | 10 |
| Sak 36/24 | Instagramkonto                                      | 11 |
| Sak 37/24 | Mail til ungdomsstyret                              | 11 |
| Sak 38/24 | Eventuelt   | 11 |

## Sak 24/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

### ▲ Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og saksliste.

## Sak 25/24 Godkjenning av møtebok for styremøte 3

### ▲ Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner møtebok.

## Sak 26/24 Tildeling av midlar frå Sparebankstiftelsen SR-Bank

Ungdomsstyret i Ryfylke har motteke ei pengegåve frå Sparebankstiftinga SR-Bank. Gåva på 1,5 millionar kroner vil bli nytta til prosjektet *Heilt heim*, ein digital kommunikasjonsplattform som skal styrkje banda mellom ungdom og arbeidsliv i regionen. Plattforma er ein del av ein større satsing for å gjera unge i Ryfylke betre kjent med regionen sin og arbeidslivet her.

### Om prosjektet «Heilt Heim»

Prosjektperioden er sett til 2 år og i løpet av perioden skal prosjektet oppnå følgjande:

1. Utvikle ei pilotløysing for eit to-vegs kommunikasjonssystem som skal bidra til at ungdom og arbeidsgivarar i Ryfylke får meir kunnskap om kvarandre, med hensikt å skapa gode koplingar mellom dei.
2. Implementere og teste pilotløysinga i regionen.
3. Rapportere og evaluere løysinga.
4. Utvikla ein driftsplan for korleis løysinga kan leve vidare for å skapa varig endring i Ryfylke

I forarbeidet skal me sette saman prosjektgrupper for å få innspel både frå dei unge og arbeidsgivarar i Ryfylke til utvikling av kommunikasjonsplattform. Dette arbeidet må gjerast i samband med utvikling av Sommarjobben.no.

Ungdomsstyret vil få innkalling til å gi innspel til utvikling av Heilt Heim i starten av 2025.

### ▲ Framlegg til vedtak

Saka blir tatt til orientering.

## Sak 27/24 Endringar i handlingsplanen

Den 18.oktober vart handlingsplanen til ungdomsstyret presentert for Representantskapet i Ryfylke IKS (sak. 09/24)

### Her er vedtaka frå møtet:

1. Representantskapet i Ryfylke IKS meiner at det er gjort eit godt arbeid med plana. Orienteringa som blei gitt av medlemmar av Ungdomsstyret var informativ og engasjerande.
2. Ut ifrå ei totalvurdering sendes handlingsplan og budsjett tilbake til Ungdomsstyret. Dette for meir tydeleg prioritering mellom satsingane. Dei totale kostnadene i plana må også reduserast.
3. Ungdomsstyret må legge fram ei redusert og prioritert handlingsplan med revidert budsjett på neste møte i representantskapet
4. Representantskapet vil tydeleggjera at ungdomssatsinga kan berre gjennomførast med eksterne midlar, og at virketida av tiltak ikkje skal gå utover valperioden til det ungdomsstyret som er vald no, altså til og med juli 2026.
5. Ungdomsstyret kan fortsetta arbeidet med samlinga «Ryrekrudd» (Samlinga på Fiskepiren) utan at handlingsplan er realitetsbehandla og endeleg godkjent.

### Sjå revidert handlingsplan som vedlegg.

Den reviderte handlingsplanen er no sendt til Representantskapet for godkjenning.

#### ▲ Framlegg til vedtak

Saka blir tatt til orientering.

## Sak 28/24 Søknad Ryfylkefondet

Grunna at handlingsplanen til ungdomsstyret ikkje fekk nødvendig godkjenning frå Representantskapet, vart søknaden til Ryfylkefondet trekt tilbake. Søknaden er basert på handlingsplanen og det er søkt om støtte til:

- Videreutvikling av sommarjobben.no
- Etablere Heilt Heim
- Etablere Ryrekrudd
- Etablere ei trainee-ordning

Ein revidert søknad på 2,5 millionar kroner er no sendt inn til Ryfylkefondet for vidare behandling.

#### ▲ Framlegg til vedtak

Saka blir tatt til orientering.

## Sak 29/24 Erfaring frå «Folka»

Peder Krokedal og Einar Schibevaag deltok 24. oktober på FOLKA konferansen. Dette var ein lærerik dag med mange informative, oppsiktsvekkjande og av og til morosame innlegg. Her er ei oppsummering frå dagen:

### Kvifor er det så vanskeleg å oppnå mangfald og inkludering?

Alle arbeidsgjevarar er avhengige av flinke hovud og hender. Men koss får me tak i dei og koss får me dei til å bli? *Framtidsfylket Vestland* arbeider for å få fleire til å velgja distriktet i Vestland fylkeskommune når arbeid skal søkjast.

24. oktober inviterte organisasjonen til å få ny kunnskap og konkrete råd om gode rekrutteringsprosessar på konferansen *Folka* i Skei i Sunnfjord.

Fleire personar som har stått utanfor arbeidslivet presenterte sin veg til fast jobb der utgangspunktet var krevjande

- Innvandraren som ikkje fekk jobb trass fleire masterutdanningar
- Ungdom som sat å spelte spel i kjellaren og som ikkje våge å gå på butikken
- Den rusavhengige som vart rusfri gjennom arbeidet i Sogndal fotball
- Den funksjonshemma som fekk jobb på grunn av at han/dei hadde god erfaring med å løyse utfordringar med omsyn til å ta seg fram

Viktige innspel på koss me kan få fleire i arbeid i ein situasjon der det er for få ledige hender. Og ikkje minst blei me utfordra på eigne haldningar til problemstillingane desse fire presenterte.

Det var gode innlegg på at ein alt frå ein er liten å gå i barnehagen bør eksponerast for dei bedrifter som er i regionen. Og ikkje berre å bli politi eller brannmann. Innsatsen mot barnehage og skule blei trekt fram.

Vidare var det fokus på at arbeidslivet må eksponera seg betre kva for kompetanse dei treng. Også invitera unge inn til å vera med i styrer i selskapa. Eige styreprogram er etablert for å lære å vera med i eit styret.

Omlag 150 personar frå arbeidslivet var møtt fram og Peder og Einar opplevde konferansen som nyttig og lærerik.

I tillegg hadde me møte med Sunnfjord næringsutvikling der me fekk innsyn i korleis dei arbeider med å involvera unge i strategiarbeidet for å få unge til å velja Sunnfjordregionen. Mange av dei planar ungdomsstyret i Ryfylke har lagt, finn me og at denne regionen arbeider med.

Peder vil orientera ytterlegare på møtet.

## ▲ Framlegg til vedtak

Saka blir tatt til orientering.

### Sak 30/24 Oppdatering Ryrekrutt 2025

Programmet som er lagt per nå er slik:

|                    |  |
|--------------------|--|
| <b>Arrangement</b> | Eit felles rekrutteringstreff for ungdom (18+) og privat- og offentleg arbeidsliv i Ryfylke.   |
| <b>Tid:</b>        | Tysdag 15. april 2025 (påska).   |
| <b>Stad:</b>       | Fiskepiren konsertscene: <a href="https://www.fiskepiren.no/">https://www.fiskepiren.no/</a>   |
| <b>Arrangør:</b>   | Ryfylke IKS, Ungdomsstyret i Ryfylke, Næringshagen i Ryfylke, Næringsforeningen i Stavanger ++   |
| <b>Målgrupper:</b> | Ungdom og studentar (18+) med tilknytning til Ryfylke, arbeidsgivarar i Ryfylke, UiS, HVL, Fagskolen i Rogaland.   |
| <b>Mål:</b>        | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leggja til rette for sterke koplingar mellom målgruppene.</li> <li>• Min. 300 ungdommar og 35 arbeidsgivarar</li> </ul> |
| <b>Pris:</b>       | Gratis for alle som kjem på dagen. Etter eit visst klokkeslett (eks. kl.19:30) vil det ikkje lenger vera gratis.   |

Arrangementet vil berre vera for dei over 18 år. For å få ein god flyt på dagen bør det vera lagt opp til tett program og minst mogleg «dødtid».

#### Overnatting til ungdom

Dei to hundre første som melder seg på får gratis overnatting på Radisson Atlantic hotell i dobbelrom. Det blir og gitt tilbud til andre om overnatting til redusert pris på hotellet.

#### Påmelding for ungdom (vilkår)

Dei unge som melder seg på betaler eit gebyr (300kr) som inkluderer mat og musikk. Dette for å sikre at me veit kor mange me blir.

#### Førebels program

|                             |  |
|-----------------------------|--|
| <b>Del 1:</b> 13.00         | Rigging                                |
| <b>Del 2:</b> 16:00 - 17.00 | Opplagg for bedrifter                  |
| <b>Del 3:</b> 17:30 - 19:30 | Opplagg for ungdommar med arbeidslivet |
| <b>Del 3:</b> 18:00 - 19:00 | 2 – 3 pitchar frå scena                |
| <b>Del 4:</b> 19.00 -20.00  | Matsservering                          |
| <b>Del 5:</b> 19.00         | Bar opner                              |
| <b>Del 3:</b> 19.30 - 20.15 | Quizz                                  |
| <b>Del 3:</b> 20:30 - 22:30 | Konsert og fest                        |

## Del 1: Opplegg for bedrifter

Eit spennande opplegg der bedrifter blir kjent med kvarandre og blir gira opp til å møte ungdommane som kjem. Her må ein dyktig mentor hyrast inn.

## Del 2: Opplegg for ungdommar med arbeidslivet

Eit spennande opplegg som gjer at ungdom arbeidsliv blir kjent med kvarandre:

- **Konferansier:**
  - Johan Mihle Laugaland, NRK Rogaland
- **Konsert**
  - Artistane Tøfl og Isah er booket.
- **Presentasjon/foredrag av/frå bedrifter:**
  - Nokre bedrifter presentere seg / blir intervjuet frå scena
  - Aktuelle bedrifter som vil kan få presentere bedrifta si (eit minutt) på fellesskjær,
  - Foredrag: Korte foredrag med unge, energiske personar som har ein passion som har lyst til å fortelja om noko.
- **Stand:**
  - Alle standar blir like ca. 2 meter i breidde.
    - 1 ståbord
    - 1 konferansebord
    - 2 barkrakkar
    - Der er lunsj til mat til inntil fire personar per stand
  - Inndeling i soner. Det kan for eks. vera ein eigen arena for småskalaprodusentar, og kommunane kan stå saman. Arbeidslivet må ha eit spennande opplegg med give-aways. Kåring av beste stand
  - Mest kreative utstilling blir kåra.
- **Krav til arbeidslivet:**
  - Det bør vera dei unge som stiller. Viktig med ung energi. Me må sette rammer til arbeidslivet om kva me forventar at dei leverer på arrangementet
  - Viktig at bedriftene har praktiske oppgåver som får folk til å snakke saman
- **Quiz:**
  - Ein kul Kahoot-Quiz om Ryfylke med fokus på arbeidslivet. Kvalifisering og finale totalt ca 25 spørsmål. Få ein bank til å betale premien.
- **Mat:**
  - Frå Ryfylke, men fokus på det lokale skal serverast. Bonolo og Smaken av Ryfylke blir invitert til å gjera det saman.

### Pris for utstillarar:

Kr. 20.000 (eks. mva).

For bedrifter som er mindre en 10 tilsette er prisen 10 000 kr.

### Marknadsføring

Det skal lagast ei landingsside på [ryfylkeiks.no](http://ryfylkeiks.no) der me legg ut informasjon om Ryrekrutt 2025. Kva kan me gjera for å skape blest om arrangementet? Eksempel: Nedtelling til påmelding startar? Innspel til some-idear?

#### ▲ Framlegg til vedtak

1. Ungdomsstyret godkjenner oppdatert program for Ryrekrutt 2025
2. Ungdomsstyret kjem med innspel til korleis Ryrekrutt kan marknadsførast mot målgruppa.

### Sak 31/24 Regional Pride-fest

Ungdomsstyret vil at Ryfylke IKS speler initiativet om eit regionalt Pride-arrangement vidare til dei lokale aktørane i kvar kommune (sak 18/24).

På grunn av mykje aktivitet vil saka bli utsett til våren 2025.

#### ▲ Framlegg til vedtak

Saka blir utsatt til våren 2025.

### Sak 32/24 Erfaringar frå Arena Ryfylke

Anne Langeland Bratthammer og Peder Krokedal deltok på Arena Ryfylke 12.november. Dei hadde eit innlegg under bolken «ung arbeidslyst og ungt perspektiv» saman med studentar frå Adresse Sauda prosjektet.

Til stades i publikum var det mange aktørar frå næringslivet i Ryfylke. Derfor var fokus denne dagen var å presentera **Ryrekrutt 2025**. Det er meldt om positive tilbakemeldingar frå bedrifter. Etter Arena Ryfylke vart dei intervjuja på lokalradioen (NRK Rogaland) der dei og snakket om prosjektet.

#### ▲ Framlegg til vedtak

Saka blir tatt til orientering.



## Sak 33/24 Status på stillingutlysing

For å kunne gjennomføre alle prosjekta til ungdomsstyret er det viktig med ein ekstra ressurs i Ryfylke IKS (sak 15/24). Stillingbeskriving er no ferdig stilt og stillinga vart lyst ut 28.november med søknadsfrist 31.desember.

### ▲ Framlegg til vedtak

1. Ungdomsstyret skal gi innspel til korleis stillinga kan marknadsførast for å nå aktuelle kandidatar.
2. Ungdomsstyret skal aktivt bidra til å spreie informasjon om stillinga i sine eigne nettverk.

## Sak 34/24 Møteplan for 2025

Den førebelse møteplanen for Representantskapet i 2025 er no fastsett. Ungdomsstyret skal gjennomføra sine møter i forkant av Representantskapsmøta. Samstundes må møteplanen tilpassast planlegginga og gjennomføringa av det første «Ryrekrutt»-arrangementet.

### ▲ Framlegg til vedtak

Møteplan for 2025 blir godtatt:

| Tidspunkt                                | Plass  | Invitasjon går til |
|--|--|--------------------|
| <b>10. -11. januar</b><br>kl.18:00-14:00 | Fysisk møte i Stavanger<br>(inkl. overnatting) | Medlem og vara     |
| <b>14. februar</b><br>kl.16:00-18:00     | Teams-møte                                     | Medlem og vara     |
| <b>21. mars</b><br>kl.16:00-19:00        | Fysisk møte i Stavanger                        | Medlem og vara     |
| <i>15. april</i>                         | <i>Ryrekrutt</i>                               |                    |
| <b>10. juni</b><br>kl. 16:00-18:00       | Teams-møte                                     | Medlem             |

|                                       |            |        |
|---------------------------------------|------------|--------|
| <b>21. oktober</b><br>kl. 16:00-19:00 | Teams-møte | Medlem |
| <b>9. desember</b><br>kl. 16:00-18:00 | Teams-møte | Medlem |

## Sak 35/24 Status karrieredagen og Job Fair

Ungdomsstyret er meldt på både Karrieredagen og Job Fair 2025 som arrangeres på Fiskepiren.

### Karrieredagen 3. januar 11:00-14:00.

Tiril Espedal og Johanne Klungtveit er meldt seg til å stå på stand, men det er plass til fleire om nokon andre vil. Oppmøte er kl. 09:30.

### Job Fair 18. februar 11:00-14:00.

Kven kan stå på stand her?

Det blir betalt styrehonorar til dei som deltek.

Nina Fjellskaalnes frå Ryfylke IKS er ansvarleg for utforming av stand og materiell og vil gjere førebuingar i desember. Det er derfor ønskeleg at styret kjem med innspel til korleis stand skal utformast.

### Informasjon om stand:

- Størrelse ca. 2 x 2 meter
- 1 ståbord (kledd inn)
- 1 konferansebord D45, B120, H72
- 2 barstoler
- Ha aktiviteter på stand for å tiltrekke studentane. Konkurranser, quiz, leker, gjetting, lykkehjul...
- Det er lunsj (sandwich frå Molinå) til alle på stand

### ▲ Framlegg til vedtak

1. Ungdomsstyret kjem med innspel til korleis stand skal utformast
2. .... og ..... vil stille på Job Fair 18.februar.

### Sak 36/24 Instagramkonto

Instagramkontoen til ungdomsstyret er aktiv og Tiril Espedal er i gang med publiseringar. Har styret innspel til kva me kan gjera for at kontoen skal bli enda meir attraktiv?

#### ▲ Framlegg til vedtak

Styret kjem med innspel til korleis me kan jobbe meir aktivt med instagram-kontoen.

### Sak 37/24 Mail til ungdomsstyret

Ungdomsstyret har no fått si eiga e-postadresse, som vil bli publisert på ryfylkeiks.no for å sikre at publikum enkelt kan ta direkte kontakt med styret. Anne Langeland Bratthammer vil administrere e-posten og svare på førespurnadar som blir sendt til styret. **E-postadressa er:** [ungdomsstyret@ryfylkeiks.no](mailto:ungdomsstyret@ryfylkeiks.no)

#### ▲ Framlegg til vedtak

Saka blir tatt til orientering.

### Sak 38/24 Eventuelt



#### Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.